

# Presentasjon av Kvammabadet KF og budsjett 2024

Dialogmøte Formannskapet i Kvam herad

1. november 2023

Reidun Skålheim Solberg og Tom Rasmussen

Kvammabadet KF

# Agenda

1. Eit framoverskodande tilbakeblikk v/Reidun
2. Økosystemet Kvammabadet KF er ein del av v/Tom
3. Året 2023 så langt v/begge
4. Framlegg til budsjett 2024 v/begge
5. Spørsmål og svar v/alle

# Agenda

1. Eit framoverskodande tilbakeblikk v/Reidun
2. Økosystemet Kvammabadet KF er ein del av v/Tom
3. Året 2023 så langt v/begge
4. Framlegg til budsjett 2024 v/begge
5. Spørsmål og svar v/alle

FØREMÅL TIL KVAMMABADET KF:

# Drift av anlegg til skulebading

- 24/8 -2015 – Heradstyre-vedtak
- 9/4-2018 – 1. Styremøte Kvammabadet KF
- 15/12-2019 – Opning



- 22/9-2020 – Samarbeid og driftsavtale signert
- I dag
- 1/1-2025 – Evaluere og forhandle ny Samarbeids- og driftsavtale

| Investering Kvam Herad | | | | 90 mill |
|---|---|---|---|---|
| EK inkl tomt: | | | | 23 mill |
| Spelemidlar: | 17 mill | } 35 mill | | |
| MVA komp: | 18 mill | | | 67 mill |
| Tilskot andre: | 33 mill | | | |





# Organisasjonskart Kvam Kvammabadet KF




| | | |
|---|---|---|
| Styreleiar | Reidun Skålheim Solberg | (2023-2024) |
| Nestleiar | Frank Eithun Helland | (2023-2023) |
| Styremedlem | John Audun Jensen | (2021-2025) |
| Varamedlem | Marie Steine | (2021-2025) |

Dagleg leiar Tom Rasmussen Engasjement 2023

# Utviklinga siden starten



# Agenda

1. Eit framoverskodande tilbakeblikk v/Reidun
2. Økosystemet Kvammabadet KF er ein del av v/Tom
3. Året 2023 så langt v/Reidun
4. Framlegg til budsjett 2024 v/begge
5. Spørsmål og svar v/alle

# Omverda og økosystemet Kvammabadet KF er en del av



# «Eigarstrategi» for Kvammabadet KF

- Nyleg utarbeid dokument for å «samla trådane» som ligg i fleire dokument
- Visjon og føremål;
  - *«Å lære alle born i skulealder å symja og meistra aktivetar i vatn»*
  - *«… stå for drift av anlegg til skulebading»*
- Føresetnader for involvering
  - *Heradet skal ikkje påførast netto driftskostnader som følgje av bygging av HB samanlikna med opphaveleg situasjon (som minimum i null)*
  - *Kvammabadet KF skal driftast utan tilskot frå Kvam herad*
- Ansvar og rolle
  - *Drift av eigarseksjon + skulebading er sett ut til Hardangerbadet AS*
- Organisering og samspel
  - *Organisering av KF'et - styret og dagleg leiing*
  - *Samspel interne partar – politiske organ og administrasjon*
  - *Samspel eksterne partar – Hardangerbadet AS, Hardangerbadet Eigedom AS / Almeland Eigedom, Hardangerbadet Sameige og sjølvskuldnarkausjonistar*



Kvammabadet KF

Notat om Kvammabadet KF si rolle, ansvar og samspel

1 Bakgrunn

Bakgrunnen for notatet er at styret har bedt dagleg leiar om å utarbeide eit notat som klargjer formål, roller og oppgåver til Kvammabadet KF jamfør sak 03/2023 og 13/2023. Selskapet opererer i ei verd med mange interessentar og relasjonar innan Kvam herad og eksternt ovanfor selskap knytt til Hardangerbadet. Meininga med notatet er å bidra til å avklare og gje ei samla oppstilling av formål, roller, ansvar og samspel med dei styrande organa og dei eksterne selskapa i Hardangerbadet.

Mykje av grunnlaget for notatet finn ein i dei formelle avtalane som allereie eksisterer der spesielt samarbeids- og driftsavtala mellom Kvammabadet KF og Hardangerbadet AS/Hardangerbadet Eigedom AS står sentralt. Denne avtalen har utløp 31.12.2024 og det skal i det vidare forhandlast fram ei ny avtale for komande 5 års periode. Notatet kan då også sjåast på som ei oppsummering av korleis «verda» ser ut før ein går i gang med nye forhandlingar.

2 Formål og rammer for Kvammabadet KF

Kvammabadet KF (her etter nemnd KB) er eit kommunalt føretak og ein del av konsernet Kvam herad, med ansvar for å tilby eit badeanlegg til bruk for skule og ålmenta. Dette saman med det private familiebassenget utgjer opplevingssenteret Hardangerbadet. Bassenga vert nytta til skulebading, og målet er å læra alle born i skulealder å symja og meistra aktivitetar i vatn. Det siste er den grunnleggjande og eigentlege årsaka til at heradet si involvering i Hardangerbadet, nemleg:

*Målet er å læra alle born i skulealder å symja og meistra aktivitetar i vatn*

Føretaket er direkte underlagt heradsstyret som også er generalforsamling for selskapet. Herads-styret vel styret i KB, fastset godtgjersle osb. Ordførar og rådmann er i eigenskap av politisk og administrativ leiar for heradet, selskapet sine nærast føresette.

Føremålet til KB er i hen hald til vedtektene:

*Kvam Kvammabadet KF skal stå for drift av anlegg til skulebading. Seksjonen til Kvam Kvammabadet KF utgjer saman med tilstøytande seksjonar opplevingssenteret Hardangerbadet. Når bassenganlegget ikkje vert nytta til kommunale føremål, kan Kvam Kvammabadet KF leiga ut seksjon X til kommersiell drift.*

Prinsipp og grunnlag for heradet si investering i Hardangerbadet er:

a) Kvam herad skal ikkje påførast netto driftskostnader som følgje av bygging av Hardangerbadet. Det vil seie at Kvam herad/Kvammabadet KF som minimum skal gå i null kvart år, samanlikna med opphaveleg situasjon, slik som vist i saksutgreiinga, jf. Kommunestyrets vedtak i sak HST 057/15.
b) Netto strukturinnsparing skal gå inn i drifta av Kvammabadet KF, som kan reforhandlast etter femte driftsår (dvs. 2025). Utover dette skal Kvammabadet KF driftast utan tilskot frå Kvam herad, jf. Kommunestyrets vedtak i sak HST 080/17.

3 Roller og ansvar

KB sin del av anlegget inneheld garderobeanlegg, trenings- og konkurransebasseng og eit opplærings- og terapibasseng. Dagleg drift og vedlikehald av anlegget er sett ut til Hardangerbadet AS og regulert gjennom ein samarbeids- og driftsavtale av 22. september 2020.

KB eig ein definert seksjon av Hardangerbadet tilsvarande 40 % i lag med Hardangerbadet Eiendom AS (58,2 %) og Almeland Eigedom AS (1,8 %). Formålet er som nemnt over, å nytte anlegget til skulebading. Det er inngått avtale om at Hardangerbadet AS kan nytte anlegget til kommersiell drift når badeanlegget ikkje nyttast til kommunale føremål. Høgre del av figuren under viser både tilhøva når det gjeld eigarskap og drift.

Kvam Kvammabadet KF | Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund | Org.nr.: 920 915 728 | E: tom@kvammabadet.no

Kvammabadet KF

# Årshjul Kvammabadet KF

| Tidspunkt | Aktivitet / møte | Kven |
|---|---|---|
| Januar | **Styremøte –** konstituerande styremøte, råme/føringar frå Heradsstyret, plan for komande år og årshjul | Styret |
| Feb./Mars | **Økonomiavdeling –** utarbeide årsrekneskap basert på rekneskapstal for Kvammabadet KF og Hardangerbadet AS | Dagleg leiar |
| Mars | **Styremøte –** Vedta årsmelding og årsrekneskap | Styret |
| 31. mars | **Økonomiavdeling –** Frist for å sende årsmelding til Økonomiavdeling | Dagleg leiar |
| April | **Kontrollutval –** frist sende endeleg årsrekneskap og årsmelding ferdig revidert og i underskriven stand | Dagleg leiar |
| April | **Kontrollutval -** Møte Kontrollutvalet Kvam herad | Styreleiar / DL |
| 30. april | **Hardangerbadet AS -** Frist endeleg avrekning mot Hardangerbadet AS (faktiske kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald samt endelege inntekter) | Dagleg leiar |
| Mai | **Formannsskapet -** dialogmøte med Formannskapet i Kvam herad. Hovudtema: årsrekneskap og årsmelding | Styreleiar / DL |
| Mai/Juni | **Kausjonistansvar –** sende ut krav etter heradsstyret som innbetaling dersom underskot i KB | Dagleg leiar |
| 31. mai | **Kvam herad -** Frist fastsetjing av bruksplan for skulebading | Dagleg leiar |
| Juni | **Hardangerbadet AS -** Møte med Hardangerbadet AS | Styreleiar / DL |
| 1. oktober | **Budsjett –** HB leverer budsjett for billettinntekter for komande år | Dagleg leiar |
| 1. oktober | **Budsjett -** HB leverer budsjett for kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av KF-seksjonen og eigarseksjon | Dagleg leiar |
| Oktober | **Styremøte –** budsjett for komande driftsår | Styret |
| Oktober | **Hardangerbadet Sameige –** styremøte. Hovudtema: drift og investeringar komande år | Styreleiar |
| November | **Formannsskapet -** dialogmøte med Formannskapet i Kvam herad. Hovudtema: Budsjett komande år | Styreleiar / DL |
| Desember | **Heradsstyremøte –** Handsamar og fastset budsjett, råme og samansetnad av styret for KB for komande år/periode | Heradsstyret |

**Vi er her!** →

# Agenda

1. Eit framoverskodande tilbakeblikk v/Reidun
2. Økosystemet Kvammabadet KF er ein del av v/Tom
3. Året 2023 så langt v/begge
4. Framlegg til budsjett 2024 v/begge
5. Spørsmål og svar v/alle

Hordaland Folkeblad. A-avis

150 ÅR 1873–2023 | HORDALAND FOLKEBLAD. 1945–1949 Kjært barn har mange namn | Nr. 69 | Årgang 150 | Fredag 22. september 2023 | Laussal kr. 25,- | Hordaland Folkeblad



Ulf Krupka spelar orgel i Norheimsund kyrkje. Foto: Bård Valvatne

# Pipelyd

Det siste året har organist Ulf Krupka late fingrane springa over tangentane til dei fem kyrkjeorgela i Kvam. Tyskaren, som lærte å spela på ein kyrkjemusikkskule i Berlin, ser på kyrkjeorgelet som dronninga av instrumenta.

– På eit orgel kan ein spela alt frå den sartaste musikken til dei mektigaste tonane, seier han.

s. 8–9



## Sikrar varme i vatnet sjølv

Dei siste månadene har Hardangerbadet produsert om lag ein firedel av straumen anlegget brukar. Årsaka er nye solcellepanel på taket.

s. 8



## Fekk koma til orde

Bård Kråkevik tok til orde for auka vassføring i elvar då han deltok på synfaringa i samband med vilkårsrevisjon og konsesjon i maurangervassdraga.

s. 10–11






Straumutgiftene til Hardangerbadet har vorte reduserte med 25 prosent. Årsak? Nye solcellepanel på taket.

# Fekk draghjelp frå sola

Bård Valvatne
valvatne@hf.no

Dagleg leiar i Hardangerbadet AS, Anita Storemark, fortel at arbeidet med å montera solcellepanela tok til tidleg i mai. Vanskar med å festa panela på ein forsvarleg måte gjorde at arbeidet tok meir tid enn venta. 14. juli var anlegget ferdig og i drift. Storemark presiserer at panela produserer straum til heile huset og ikkje berre til badeanlegget.

**Ein firedel**

På dei første to månadene har panela produsert om lag 37.000 kilowattimar med straum. Dette er om lag 25 prosent av straumforbruket til bygget.

– Dette skuldast sjølvsagt at det har vore sommar og lyse døger. I løpet av eit år reknar me med at anlegget vil produsera 150.000 kilowattimar. Det er om lag 15 prosent av det totale forbruket på 900.000 kilowattimar, fortel Storemark.

Kvam herad og Sameiget Hardangerbadet Eigedom eig solcelleanlegget.

– Hardangerbadet AS er leigetakar i huset og er leigt inn til å driva og halda ved like anlegget, fortel Storemark.

**Spleiselag**

Solcelleanlegget kosta 2,3 millionar kroner. Prosjektet fekk eit investeringstilskot frå Enova på om lag 1,4 millionar. Dermed stod det 883.000 kroner att å betala for eigarane. Desse vart fordelte etter eigarbrøken: Kvam herad betalte 40 prosent, medan sameiga betalte 60 prosent.

Med ein gjennomsnittleg straumpris på éi krone per kilowattime kan anlegget ha tent inn kostnaden på mindre enn seks år. Panela er venta å ha ei levetid på om lag 30 år.



Dagleg leiar Anita Storemark og teknisk leiar Kristian Børve i Hardangerbadet AS syner fram nokre av solcellepanela på taket til Hardangerbadet. Foto: Bård Valvatne

# Kva har me fått til i 2023?

- **1. kvartal 2023**
  - **Styremøte –** 12.01, 25.01 (Ekstraordinært) og 28.03
  - **Organisering -** Tilsett ny dagleg leiar (engasjement) og konstituert nytt styre
  - **Betre infrastruktur -** Fått på plass årshjul for KF'et, eige domene (www.kvammabadet.no), e-post kontoar for DL og styremedlemmer, felles filsystem, e-signering mm.
  - **Teknisk gjennomgang -** Assistert HB med å få på plass lovpålagte krav og teknisk gjennomgang av bygget/anlegget – fått inn i kvalitetssystem for Kvam herad
  - **Solcellepanel -** Utgreiing investering i solcellepanel. Fremma notat til heradsstyret for positivt vedtak
  - **Evaluering av styret –** Utarbeid notat til valnemnda
  - **Møter HB/HBE** – Avklare nye råme for bidrag
- **2. kvartal 2023**
  - **Møte heradet -** Dialogmøte formannskap og møte kontrollutval (26.4 og 10.5)
  - **Kausjonsansvar –** avklare høvesvis vedtak om auka midlar til Hardangerbadet. Sende ut krav til 36 kausjonistar
- **3. kvartal 2023**
  - **Kausjonsansvar –** Oppfølging av manglande innbetalingar og erklæringar
  - **Budsjett 2024 –** Innleiande samtaler med HB og administrasjon
- **4. kvartal 2023**
  - **Styremøte** - 24.10
  - **Formannskap –** Dialogmøte 1.11
  - **Budsjett 2024 –** Møte med HB om deira budsjett 2024 kring billettinntekter og driftskostnader.
  - **Eigarstrategi –** utarbeid notat om formål, ansvar, råme og samspel
  - **Ny samarbeids- og driftsavtale HB -** Innleiande arbeid kring prosess og innhald.

# Kva held dei på med i dette «fjatlaselskapet»?
# - Tidsbruk gjennom året






# Agenda

1. Eit framoverskodande tilbakeblikk v/Reidun
2. Økosystemet Kvammabadet KF er ein del av v/Tom
3. Året 2023 så langt v/Reidun
4. **Framlegg til budsjett 2024 v/begge**
5. Spørsmål og svar v/alle

# Utvikling i tal på badegjestar




Kvammabadet KF

# Føresetnadar og råme for budsjett 2024 (del 1)

## Notat om budsjett 2024 for Kvammabadet KF

### Føresetnader for budsjett 2024

Budsjettet til Kvammabadet KF (KB eller KF'et)) inngår i kommunen sitt budsjett for 2024, og det er heradsstyret som gjer endeleg vedtak om årsbudsjettet som ein del av kommunen sitt samla budsjett for komande år. Økonomien til KB heng tett saman med drifta av Hardangerbadet (HB) og er regulert gjennom ein samarbeids- og driftsavtale datert 22. september 2020.

KF'et eig ein definert seksjon av HB tilsvarande 40 % med føremål om at seksjonen skal nyttast til skulebading. Dette har fylgjande innverknad når me skal lage budsjett for KF'et:

1. **Strukturinnsparing –** Kvam herad betaler gjennom KF'et ei årleg godtgjersle til HB for drifta av skulebadinga. For 2024 er samla overføring på 3,1 mill.
2. **Billettinntekter -** Når anlegget ikkje nyttast til dette, kan anlegget nyttast til kommersiell drift. For dette mottek KF'et din andel av billettinntektene.
3. **Drift av eigarseksjon -** Dagleg drift og vedlikehald av anlegget er sett ut til HB og regulert av ovannemnte avtale. For dette betaler KF'et sin andel av driftskostnadene til HB.
4. **Netto resultat –** Rekneskapen til KF'et skal som minimum gå i null kvart år inklusiv kostnader til drifta av selskapet. Negativt resultat skal vidarefakturerast HB og eventuelt krevjast inn gjennom underskotsgaranti som 36 kausjonistar står ved.

# Føresetnadar og råme for budsjett 2024 (del 2)

Desse prinsippa har me nytta i arbeidet med utarbeiding av budsjett for 2024. Til grunn for vårt oppsett ligg fylgjande moment:

1. **Netto resultat -** Budsjettet for 2024 er gjort opp i balanse som forutsett.
2. **Drift av eigarseksjon -** Hardangerbadet AS har sendt utkast til budsjett til eiga budsjett for 2024 pr 10.10.2023:
   a) Forventa kostnader til drift og vedlikehald av KF'et sin eigarseksjon for 2024 er stipulert til kr 5.183.288. Posten er ikkje styregodkjent i HB enno og det kan kome endringar.
   b) Energikostnad – HB budsjettere med ei innsparing i straumkostnad etter investeringa i nytt solcellepanel på kr. 120.000 basert på 150 kw/t og ei straumpris på 80 øre.
3. **Billettinntekter –** HB budsjetterer med totalt 7,5 mill. i billettinntekter og 50.000 besøkande. Prognose for besøkande i 2023 er vel 48.000.
4. **Drift av KF'et -** Drift og forvaltning av KF'et satt opp med utgangspunkt i:
   a) 4 styremøte og honorar til styremedlemmer på fjorårsnivå justert for prisstigning.
   b) Honorar til dagleg leiar aukar til kr 150.000 som følgje av arbeidets omfang og kompleksitet. Driftsmodell, avtaleverk og samhandling som KF'et er en del av er omfattande og tidkrevjande å kome inn og handtere. I tillegg skal avtalen mellom KB og HB/HBE reforhandlast i 2024 og ein forventar dermed auka arbeidsmengd.
   c) Budsjettet inkluderer også kjøp av administrative tenester frå Kvam Herad på kr 100.000 som gjeld post, arkiv, data og rekneskapstenester.
   d) I budsjettet for 2024 har ein kalkulert inn kr 120.000 som ein ekstrakostnad knytt til arbeid med reforhandling og strukturering av ny samarbeid- og driftsavtale med HB og Hardangerbadet Eigedom AS (HBE). Det er uvisst kor mykje arbeid det vil bli og posten er dermed usikker.

4. **Strukturinnsparing og tilleggsfaktura -** HB budsjetterer med høgare inntekter til KF'et enn ein må ha for å gå i balanse. Det er dermed sannsynleg det ikkje vil vere behov for tilleggsfaktura frå KF'et til HB i samband med avrekninga for 2024 eller innkreving av kausjonsansvar. Auka stønad til strukturinnsparing frå heradet på kr 3,1 mill saman med effekt av redusert husleige på kr 1,1 mill får HB til HBE ser ut til å gje effekt på resultatet.

# Framlegg til budsjett 2024 for Kvammabadet KF

| Hovudpostar | Årsrekneskap 2021 | Årsrekneskap 2022 | Budsjett 2023 | Korr Budsjett 1T 2023 | Budsjett 2024 | Note |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Inntekter** | | | | | | |
| Husleigeinntekt | - 1 541 400 | - 1 232 847 | - 4 076 437 | - 1 300 000 | - 2 643 528 | *1)* |
| Tilleggsfaktura | - 1 679 686 | - 1 859 944 | - | | | |
| Momskompensasjonsinntekt drift | - 506 744 | - 734 139 | - 755 910 | - 755 910 | - 659 200 | |
| Strukturinnsparing (overføring frå KH) | - 945 810 | - 985 000 | - 1 011 000 | - 3 100 000 | - 3 100 000 | |
| **Sum inntekter** | **- 4 673 640** | **- 4 811 930** | **- 5 843 347** | **- 5 155 910** | **- 6 402 728** | |
| **Kostnadar** | | | | | | |
| Drift og forvaltning KF | 712 312 | 384 331 | 363 000 | 363 000 | 560 240 | |
| Drift og vedlikehold KF seksjon | 4 454 584 | 4 693 460 | 4 724 437 | 4 037 000 | 5 183 288 | *2)* |
| Momskompensasjonsutgift drift | 506 744 | 734 139 | 755 910 | 755 910 | 659 200 | |
| **Sum kostnader** | **5 673 640** | **5 811 930** | **5 843 347** | **5 155 910** | **6 402 728** | |
| **Underskot** | **1 000 000** | **1 000 000** | **-** | | **-** | |

**Note**

*1) Residual for å balansere*

*2) Ikkje styregodkjent kostnad frå HB AS enno.*

# Framlegg til detaljert budsjett for drift og forvaltning av KF

| Drift og forvaltning av KF | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Budsjett 2023 | Prognose 2023 | Budsjett 2024 |
|---|---|---|---|---|---|
| Styrehonorar og møtegodgjersle | 375 389 | 185 983 | 181 000 | 185 000 | 188 240 |
| Kjøp av tenester hjå Kvam herad | 200 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Dagleg leiar | 101 753 | 98 639 | 70 000 | 148 000 | 150 000 |
| Juridisk bistand | 33 232 | | 10 000 | - | - |
| Kommunale gebyr og bankgebyr | 1 938 | - 291 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| **Drift og forvaltning av KF** | **712 312** | **384 331** | **363 000** | **435 000** | **440 240** |
| *Kostnader knytt til reforhandling av avtale | | | | | 120 000 |
| **Drift og forvaltning av KF inkl reforhandling tilleggsavtale** | | | | | **560 240** |

# Kostnaden med å drifte KF'er aukar i 2024, men er likevel vesentleg lågare enn i 2021.




Kvammabadet KF

# Drift av KF'et skal som minimum gå i null – slik heng det i hop



# Agenda

1. Eit framoverskodande tilbakeblikk v/Reidun
2. Økosystemet Kvammabadet KF er ein del av v/Tom
3. Året 2023 så langt v/Reidun
4. Framlegg til budsjett 2024 v/begge
5. Spørsmål og svar v/alle



# Spørsmål???



# Takk for merksemda!